# Meland kommune

Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal- og samfunnsplanavd.
Postboks 7310
5020 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Lillian Straumøy Brakstad | 12.12.2016 |
| Vår: 16/2647 - 16/23421 | lillian.s.brakstad@meland.kommune.no | |

## Høyring - søknad om dispensasjon frå reguleringsplan Holme/Holmeknappen sin arealdel og frå forbod mot tiltak i strandsone for oppføring av garasje på Holmeknappen, gbnr 10/255.

Saka gjeld :
Det vert vist til søknad frå tiltakshavar Hege-Iren Tangen Rasmussen og Cato Rasmussen v/ByggTeam Vest AS om dispensasjon frå reguleringsplan for Holmeknappen sin arealdel – LNF– og frå forbod mot tiltak i strandsona, jf plan- og bygningslova §§ 19- 2 og 1-8 , for bygging av garasje på Holmeknappen, gbnr 10/255.

Planstatus:
Gbnr 10/255 er i reguleringsplan for Holme/Holmeknappen, planid 1256 1994 0907 – definert som LNF-område. Eigedomen vart godkjend frådelt i 2011, sjå vedlagte administrative vedtak om dispensasjon og frådeling.

Søknad om dispensasjon:
Det er i skriv frå Hege I. Tangen Rasmussen og Cato Rasmussen søkt om dispensasjon for bygging på parsellen, sjå vedlegg.
For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Kommuneplan og lovgrunnlag:
Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den.
I LNF-sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast l øyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19- 2 :
Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.
I § 1- 1 i plan- o g bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.
Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar

for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål. Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

<u>Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:</u>
Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.
Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-og samfunnsplanavd., Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga og Statens vegvesen til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

<u>Frist:</u>
Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen | Lillian Straumøy Brakstad |
| sektorsjef teknisk | konsulent |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Søknad om dispensasjon GBNR 10/255
Kart og teikningar
Søknad om dispensasjon GBNR 10/255
DNT.vedtak 486-11
10-255 1_1000
10-255 1_3000

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Byggteam Vest As | Hagellia 6 | 5914 | ISDALSTØ |
| Eva Martha Tangen | Torgny Segerstedts Vei 15 | 5143 | FYLLINGSDALEN |
| Hege-Iren Tangen Rasmussen og Cato Rasmussen | Gravdalslien 96 | 5165 | LAKSEVÅG |

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Hordaland | Kommunal- og samfunnsplanavd. | 5020 | BERGEN |
| Hordaland Fylkeskommune | Regionalavd. | 5020 | BERGEN |